

Forslag til Klima, energi og miljøplan

Vågå

Kommunedelplan for klima, energi og miljø
2023-2031



Forord

Verda er i endring og auka konsentrasjonar av CO₂ og andre klimagassar i atmosfære gir auka temperaturar og meir ustabil klima. Drivhuseffekten betyr at været blir varmare, det blir meir nedbør og villare. Hendingar med ekstremver skjer stadig oftare. Samstundes så opplever vi ei energikrise og naturkrise. Innlandet vil om få år ha underskot av energi og det er viktig å ha fokus på kva vi brukar energien på og prinsippet om sirkulær økonomi må difor også gjelde for energi. Naturkrisa gjer at det må vere eit auka fokus på bevaring av urørt natur for å sikre at artar og heile økosystem ikkje kollapsar.

Klimaendringar, energikrise og tap av natur må takast på alvor. Vågå kommune har utarbeidd ein klima, energi og miljøplan som tek utgangspunkt i "Det grønne Innlandet: regional plan for klima, energi og miljø" samstundes som det er teke omsyn til lokale forhold. Tema som kommunen har jobba med over mange år har blitt vidareført som fokusområde i planen. Det er fastsett i planstrategien til kommunen at planar som blir utarbeidd skal vere så stutfatta som mogleg og det er teke omsyn til det. Det har vore lagt opp til brei medverknad i planprosessen og kommunen vil takka til alle som har bidrege inn i arbeidet.



Innhald

1.1	Internasjonale og nasjonale føringar	3
1.2	FN sine berekraftsmål	3
1.3	Nasjonale forventningar, statleg planretningslinjer og regionale planar	4
1.4	Kunnskapsgrunnlag	5
	Utslepp og opptak frå skog og arealbruk	7
	Forbruksbasert klimaregnskap for Norge.....	8
2.1	Klima.....	8
	Delmål:	8
2.2	Energi.....	8
	Delmål:	8
2.3	Miljø.....	9
	Delmål:	9
2.4	Seks satsingsområde	9
3.1	Stadutvikling, arealbruk og transport.....	9
3.2	Forbruk, gjennvinning, ombruk og avfall	10
3.3	Klimavenlege anskaffelser	10
3.4	Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv.....	11
3.5	Energiforsyning og energibruk i bygg.....	11
3.6	Natur- og kulturmiljø og naturmangfald	12
	Strategisk samarbeid og bærekraft som drivkraft.....	12



Overordna føringar for arbeid med klima, energi og miljø i Vågå kommune

1.1 Internasjonale og nasjonale føringar

Verden er i startfase av den største omstillinga sidan den industrielle revolusjonen. Det grønne skiftet handlar om å gjere verda sitt energisystem og økonomi heilt fossilfri. For å klare dette må utslepp av klimagassar globalt vere i minus innan slutten av dette århundre. Allereie innan 2050 må verda sine utslepp reduserast med omtrent 80 %. Omlegginga må skje raskt i dei rike delane av verda slik at levestandarden i dei fattige landa kan auke. Det betyr at Noreg må gå gjennom ei stor omstilling i løpet av dei neste tiåra. Dette krev innsats frå det offentlege, næringslivet og den einskilde innbyggjar.

Noreg har gjennom Parisavtala forplikta seg til å føre ein klimapolitikk som unngår ein temperaturstigning på meir enn 2 grader, og helst under 1,5 grader. Stortinget har vedteke *Lov om klimalov og oppjusterte klimamål*, der målet med lova er å fremje gjennomføring av Norges klimamål som ledd i omstilling til eit samfunn med låge utslepp. Klimamål for 2030 og 2050 skal lovfestast. For 2030 skal målet vere at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 50 % og opp mot 55 % frå referanseåret 1990. For 2050 er målet at Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn, slik som det også går fram av Meld . St. 13 (2021-2030). For å nå dette målet må det kuttast i klimagassutsleppa, samstundes som vi må handtere klimaendringar.


Ein meir ressurseffektiv og sirkulær økonomi er naudsynt dersom vi skal nå dei klima, miljø og berekraftsmåla som vi har forplikta oss til. Vi bruker naturressursane våre i eit langt større tempo enn det naturen klarar å produsere. Nasjonal strategi for sirkulær økonomi vart lagt fram 16. juni 2021 og sett fokus på dette. Verdens land samla seg om ei naturavtale i desember 2022. All natur skal forvaltast berekraftig og minst 30 % av land og hav skal bevarast innan 2023. Endring av areal er den største trusselen mot naturmangfaldet.

Kommunen skal gjennom planlegging stimulere og legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp, jf. *statlig planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*. Dette skal gjerast i ein eigen kommunedelplan eller som ein del av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Kommunen står fritt til å velje tema i planen, men planretningslina gir føringar på kva som bør vere med i ein klima og energiplan.

1.2 FN sine berekraftsmål

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram i mot 2030. Måla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Det gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til dei menneska som lever i dag, utan å øydeleggja for framtidige generasjonar sine moglegheiter for å dekkja sine.

Berekraftsmåla gjeld for alle land , uavhengig av økonomisk utvikling. Det betyr at Noreg er forplikta til å følgje opp berekraftsmåla og måla er difor førande for all kommunal planlegging. Dette gjeld spesielt klimaplan der berekraftsmål nummer 13: Stoppe klimaendringane er planen sitt overordna mål. I tillegg er berekraftsmål nummer 17: Samarbeid for å nå måla viktig for å oppnå utsleppsreduksjon i åra som kjem. FNs 17 berekraftsmål har tre dimensjonar som er klima- og miljø, sosiale forhold og økonomi.



Figur 1: FNs 17 berekraftsmål kan delast inn i tre dimensjonar: klima og miljø, sosiale forhold og økonomi.

Grunnlaget for klimaplanen er basert på FN sine berekraft mål, med lokal tilpassing og tilrettelegging.

1.3 Nasjonale forventningar, statlege planretningsliner og regionale planar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp av

fylkeskommunane og kommunane gjennom utarbeiding av planstrategiar og planar og det skal leggjast opp til medverknad i planlegginga.


Statlege planretningsliner (SPR) blir brukt for å konkretisere viktige planleggingstema og dei blir vedteke av Kongen i statsråd. Statlege planretningsliner bidreg til å konkretisere nasjonal politikk på viktige område, sette ulike tema på dagsorden og samstundes gje utviklingsretning. Statlege planretningsliner skal vere tydelege på mål og verdiar som skal leggjast til grunn for planlegginga, og korleis ulike interesser skal forvaltast. Den regionale tilpassinga skal kunne finnast att i regionale planar. Innlandet fylkeskommune vedtok i juni 2023 regional plan for klima, energi og miljø som kommunen har lagt til grunn for arbeidet med kommunal klima, energi og miljøplan.

Gjeldande retningsliner og planar:

- Det grønne Innlandet: regional plan for klima, energi og miljø (2023)
- Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Miljødirektoratets veileder for klima og energiplanlegging
- FNs berekraftsmål
- Klimakur 2030
- Klimastrategi 2023 (St. melding 41, 2016-2027)
- Klimaplan 2021-2030 (St. meld 13, 2020-2021)
- Stortingsmelding "Mål med mening" (St. meld 40, 2020-2021, for å nå berekraftsmåla)
- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- 1995 Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesse i planlegginga

1.4 Kunnskapsgrunnlag


Norge slapp i 2021 ut 7,6 tonn Co₂ ekvivalentar per innbyggjar. Det er langt over det globale gjennomsnittet på 4,7 tonn. Dei norske utsleppa av Co₂ per innbyggjar har gått noko ned dei siste åra, men har auka mykje frå 1990 til 2023. Miljødirektorat presenterer utslepp på kommunenivå og statistikken inkluderer dei direkte utsleppa som skjer innanfor Vågå kommune sine kommunegrense. Totalt så har Vågå kommune slept ut 62 435 tonn Co₂ ekvivalentar i året. Det tilsvarar 17,5 tonn per innbyggjar (kjelde: Miljødirektoratet 2023).



Figur 2: Vågå kommune sine klimagassutslepp frå 2009-2021. Kjelde: Miljødirektoratet 2023).


Utsleppa er fordelt innanfor ni ulike sektorar der vegtrafikk er sektoren med høgast utslepp, totalt 35 740 Co₂ ekvivalentar i 2021. Jordbruk er nest høgast med 21 896 Co₂ ekvivalentar i 2021. Tala har helde seg stabilt høge i heile tidsperioden med ein liten reduksjon i 2017. Mellom 2009 og 2021 har Vågå kommune auka sine utslepp med 2,2 %. Dette er mindre kutt enn dei fleste kommunar og Vågå kommune er på 245. plass av totalt 356 kommunar i landet. (Kjelde: Miljødirektoratet 2023).

Når ein går meir detaljert inn på kategori så ser ein at utslepp frå vegtrafikk i stor grad skuldast tunge køyretøy.



Figur 3: Vågå kommune sine klimagassutslepp frå vegtrafikk frå 2009-2021. Kjelde: Miljødirektoratet 2023).


Når det gjeld utslepp frå jordbruk skuldast mykje av dette fordøyelsesprosesser hjå husdyr:



Figur 4: Vågå kommune sine klimagassutslepp frå jordbruk frå 2009-2021. Kjelde: Miljødirektoratet 2023).

Utslepp og opptak frå skog og arealbruk

Miljødirektoratet presenterer statistikk for utslepp og opptak av klimagassar innan skog- og arealbruk. Dei siste tala er frå 2015 der Vågå kommune hadde eit opptak av - 45 536 tonn CO₂ ekvivalenter i 2015. Nettoopptaket er redusert med om lag 10 000 tonn CO₂ ekvivalenter sidan 2010. Dette skuldast arealbruksendring som gjer auka utslepp av klimagassar eller reduksjon av areal som lagrar karbon i røt, jord, stamme og bladverk. Det vil vere viktig å unngå nedbygging av natur i framtida. Den enklaste og mest effektive og billigaste måten å fange og lagre karbon på er å unngå nedbygging av natur, særleg karbonrike areal som myr og skog.



Figur 5: Netto utslipp og opptak av klimagassar frå sektor "skog og annan arealbruk". Sist oppdatert talmateriale frå 2015 (kjelde: Miljødirektoratet 2023).

Forbruksbasert klimaregnskap for Norge

Det nasjonale klimagassrekneskapet er utarbeidd av Miljødirektoratet, Statistisk Sentralbyrå og Norsk Institutt for bioøkonomi i eit samarbeid. Når dette rekneskapet blir framstilt så er det berre utslepp som skjer i Noreg som blir rekna med, men vi importerer mykje av dei tinga som vi treng i kvardagen. Vi har difor eit skjult rekneskap frå varar og tenester vi importerer i utlandet og reisene vi gjer utanfor Noreg sine grenser. *Framtiden i våre hender* har laga eit rekneskap som viser kva vi nordmenn faktisk forbruker og kva det genererer i klimagassutslepp. Asplan Viak har laga eit forbruksbasert klimarekneskap for Framtiden i våre hender som viser at nesten halvparten (42 %) av det forbruksbaserte forbruket av CO₂-ekvivalenter kjem frå aktivitet utanfor Noreg. Det betyr i praksis at vi kan nesten doble det årleg forbruket når vi reknar med utslepp som skjer utanfor Noreg sine grenser. Det mest effektive klimatiltaket er difor å redusere forbruket. Mange behov som i dag blir dekt gjennom eit høgt materielt forbruk kan truleg dekkast på andre og mindre ressurskrevjande måtar. Haldningsskapande arbeid er difor viktig. Landsnittet for forbruksbasert utslepp er på 12,1 tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar i Noreg. I Vågå ligg snittet på 13,6 tonn CO₂-ekvivalenter.

Innsatsområde – mål og strategiar

Det er utarbeidd hovudmål for kvart av dei tre område klima, energi og miljø. Desse måla er stort sett samanfallande med mål som er sett i den regionale planen for fylket, utarbeidd av Innlandet fylkeskommune.

2.1 Klima

Hovudmål: Vågå kommune er omstilt til eit lågutsleppssamfunn og er førebudd på eit klima i endring.

Delmål:

1. Vågå kommune har redusert direkte klimagassutslepp med 55 % i forhold til utslepp i 1990.
2. Karbonrike areal er ivareteke og netto-opptaket av klimagassar har auka.
3. Vågå kommune er førebudd på klimaendringane.

2.2 Energi

Hovudmål: Vågå kommune har ein ledande posisjon i omstilling til, og bruk og produksjon av fornybar energi.

Delmål:

1. I Vågå er energieffektvisering og sirkulær bruk av energi ein ledande premiss i den grønne omstillinga.

2. Energiproduksjonen i kommunen har auka og fornybarandelen er minst 80 % av samla energiforbruk
3. Vågå kommune har eit distribusjonsnett av energi som er påliteleg, nødvendig oppgradert og riktig dimensjonert.

2.3 Miljø

Vågå kommune tek vare på miljø, kulturmiljø og naturmangfald gjennom berekraftig forvaltning

Delmål:

1. Utviklinga i Vågå skal skje med minst mogleg nedbygging, fragmentering og øydelegging av natur- og jordbruksområde og kulturmiljø.
2. I Vågå skal vi ha robuste økosystem som sikrar økosystemtenester for komande generasjonar.
3. I Vågå har vi stansa tapet av viktige artar og naturtypar, og avgrensa utbreiing og spreiiing av skadelege framande artar.

2.4 Seks satsingsområde

For å nå planen sine hovudmål innan klima, energi og miljø er det vald ut seks satsingsområde som er spesielt viktig. Dette er tema som også er nemnd i den regionale planen for klima, energi og miljø, men dei har ikkje nøyaktig lik ordlyd. Regional plan skal leggjast til grunn for kommunal planlegging, men det er viktig at det i den kommunale planen blir teke omsyn til lokale forhold. Følgjande satsingsområde er difor vald ut for Vågå kommune sin klima, energi og miljøplan:

1. Stadutvikling, arealbruk og transport
2. Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall
3. Klimavenlege anskaffelser
4. Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv
5. Energiforsyning og energibruk i bygg
6. Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

Korleis skal vi nå måla

3.1 Stadutvikling, arealbruk og transport

I innlandet er det ambisjonar om å ta vare på og utvikle areal effektivt, heilheitleg og tilpassa lokale forhold. Areal er under press og det er også mange verdiar og ressursar som må takast vare på. Det er difor viktig at Vågå kommune utnyttar areala effektivt, slik at det blir bygd ned minst mogleg verdifull natur, matjord og friluftsområde. Mange gode formål forutsett endring i bruk av areal. Når det blir bygd veger, bustadområde, fritidsbustader og næringsareal blir karbonlagre i jord og skog redusert. Dette bidreg til utslipp av klimagassar. For å finne riktig balanse mellom utbygging og bevaring, er det viktig at konsekvensen av utbygginga blir synleggjort. Vågå kommune vil difor

utarbeide ein arealstrategi og arealrekeskap som ein del av revisjon av kommuneplanens arealdel. Ein heilheitleg arealstrategi vil gje grunnlag for å fastsette mål og prioriteringar, som igjen gjev forutsigbare og meir effektive planprosessar. Vågå kommune bør ha som ambisjon å bli ein arealnøytral kommune. Kommunen har dei siste åra jobba godt med stadutvikling av Vågåmo og dette arbeidet har vist at det er mogleg med fortetting og bruke areal meir effektivt. Dette må prioriterast ved vidare utvikling av Vågåmo som tettstad.

Store delar av utslepp knytt til trafikk skuldast gjennomfartstrafikk knytt til rv. 15 og Fjellvegen, og kommunen har avgrensa med moglegheiter til å påverke utslepp her. Det er likevel en stor del av trafikken som er lokal. Det er difor mogleg å redusere utslepp frå vegtrafikk ved å fokusere på bilbruk i eigen kommune. Mange bilturar kan bli erstatta ved å gå eller sykle på stuttare turar. Det handlar om kva for val ein tek i kvardagen, men også tilgang til gang- og sykkelveggar og tilgang til sykkelparkering. Det er også viktig å legge til rette for lademoglegheiter for elbilar. Vidareutvikling av kollektivtilbod vil også vere viktig.

3.2 Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall

Kjøp av varer og tenester har fått lite merksemd i det offentlege klimarekneskapet ettersom kjøp av varer frå utlandet bidreg med "indirekte utslepp", og dermed ikkje medrekna i Noregs offisielle klimarekneskap. Det mest effektive klimatiltaket er å få ned forbruket da det gir store utslepp i Noreg og andre stadar i verden. Det vil si utslepp som kjem frå energiforbruket og frå forbruk av varar og tenester. Desse indirekte utsleppa er mykje større enn dei direkte utsleppa. Innbyggjarar i Innlandet fylket har eit klimafotavtrykk som svarar til eit utslepp på 11 tonn CO₂-ekvivalantar i året per innbyggjar per år. Klimafotavtrykk er summen av indirekte og direkte utslepp. Det er tilrådd at dette klimafotavtrykket må ned til 3 tonn per innbyggjar innan år 2030. For å klare dette må vi finne nye måter å forbruke varer og tenester på og forbruket må ned. Med eit meir bevist forhold til eige forbruk og avfall, og ved å stille miljøkrav til leverandørar, kan både privatpersonar, kommunar og bedrifter bidra til ein meir klimavenleg kvardag. Som kommune skal Vågå bidra til eit berekraftig forbruksmønster gjennom målretta bruk av innkjøpsmakta og auke tilrettelegginga for gjenbruk og dele/utlånsordningar.

3.3 Klimavenlege anskaffelser

Kommunen gjer store innkjøp, og krav som blir stilt ved innkjøp kan derfor bidra til reduserte klimagassutslepp frå kommunal sektor. Det er også viktig å ha fokus på kva som er det faktiske behovet før innkjøpet blir gjort. Det å skaffe noko som ikkje dekker behovet, kan vere både miljøbelastande og fordyrande ved at produktet anten må kasserast eller det må skaffast ein tilleggsleveranse. Det er også viktig å ha fokus på at riktig mengde vare blir bestilt, og at det blir nytta miljømerka produkt. Som ein del av utlysing av anbod skal kommunen vektlegge at tilbydar har eit miljøleingsystem. Møter og underlag skal i størst mogleg grad gjennomførast digitalt for å redusere ressursforbruk.

3.4 Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv

Landbruket blir framstilt som ein "klimaversting", med utslepp frå drøvtyggarar og gjødsel, men det må aldri overskygge det faktum at klimakrisa er forårsaka av utslepp frå forbrenning av olje, gass og kull og nedbygging av karbonrike areal. Landbruket er bærebjelken i kommunen, og det er eit uttalt mål at landbruksproduksjonen skal auke i landbruksplanen til kommunen, også produksjon av storfekjøtt. Produksjon av raudt kjøtt, på lokale ressursar, aukar i mindre grad klimautsleppa frå landbruket. Lokalprodusert grovfôr på inn- og utmark bitt CO_2 gjennom grasproduksjonen. Drøvtyggarane omformar ufordøyeleg gras til høgverdige proteinkjelder for menneske.

Mange av innsatsfaktorane knyta til landbruksproduksjon gir i dag klimaavtrykk, t.d. bruk av kraftfôr, bruk av kunstgjødsel, bruk av fossil energi til transport. Meir effektiv transport, mindre kraftfôr i fôrrasjonen og bruk av fornybar energi til transport kan redusere klimaavtrykka frå landbruket. Etablering av biogassanlegg, solcelleanlegg, vindmøller mv. vil gje fornybar energiproduksjon. Effektiv gjødsling, bruk av metanhemmande fôr og bruk av biokull er døme på tiltak som kan gje kutt i klimagassutsleppa.

Eit aktivt skogbruk er eit tiltak som gjev ein klar klimagevinst. Skogen bitt CO_2 gjennom fotosyntesen og er ei viktig kjelde til fornybar energi, sagtømmer og fiberproduksjon. Det er difor viktig å stimulere til eit aktivt skogbruk og bruke treprodukt der det kan erstatte material med stort klimaavtrykk. Vågå har store skogareal, og tiltak for auka binding av CO_2 frå skog kan derfor vere eit viktig bidrag for å løyse klimautfordringane. Det er viktig å unngå avskoging og omdisponering av skogsareal da slike areal er viktig for å binde CO_2 .

Vågå kommune ønskjer å vere med å sikre at Nord-Gudbrandsdalen sitt næringsliv skal stå mest mogleg rusta til å møte klimautfordringane og lågutsleppssamfunnet. Her er det viktig at kommunen går i front for å finne klimavenlege løysingar som sikrar grøn næringsutvikling. Det vil difor vere viktig å støtte klimaomstilling av lokalt næringsliv.

3.5 Energiforsyning og energibruk i bygg

Vågå kommune ynskjer å vere ei nyskapande og energieffektiv kommune som nyttar mest mogleg fornybar energi. Smart bygningsdrift er eit viktig tiltak for energieffektivisering/optimalisering. Vågå kommune er med i eit klimasatsnettverk der teknisk drift av kommunale bygg er hovudfokus. Dette er eit nettverk der mange kommunar deltek og det er Nordplan (tidlegare Enøk-senteret) på vegne av Vågå kommune som administrerer prosjektet. Gjennom deltaking i dette nettverket er målet å heve kompetansen innan tekniske fag for å redusere energibruk og klimautslepp. Vågå kommune har som mål å redusere energiforbruket med 15 % innan 2025 og 30 % innan 2030.

Bygningsmateriale som betong og stål er energikrevjande å framstille, og det er utslepp av klimagassar i samband med framstillingsprosess. Bruk av tre som byggemateriale medfører langvarig binding av CO_2 og gjev dermed eit positivt bidrag til klimarekneskapen. Kommunen har som målsetting å velje byggemateriale og tekniskar som gjev minst mogleg klimautslepp ved nybygg. Det er difor mogleg å kutte utslepp ved å sjå på energiforsyning og energibruk i eksisterande og nye kommunale bygg.

3.6 Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

Naturen og fotosyntesen er grunnsteinar i heile verda og menneska sin eksistens. Økosystema tek opp mykje av dei menneskeskapte karbonutsleppa. Det å ta vare på naturen kan difor vere det billigaste og enklaste klimatiltaket som ein kan gjere. Robuste økosystem er betre egna til å stå imot endringar som følgje av framtidige klimaendringar. Naturen og kulturlandskapet er også viktig for rekreasjon, læring, friluftsliv, jakt- og fiske og kulturell identitet. Kulturell identitet handlar om å identifisere seg med eit eller fleire kulturelle fellesskap.

I dag blir økosystem og artar globalt øydelagt, truga og utrydda i ein skala som vi aldri før har opplevd. Hovudårsaka til dette er endringar i arealbruk. Mange økosystem i skog, kulturlandskap, våtmark, vassdrag og fjell er i dag heilt eller delvis endra som ein følgje av menneskelege inngrep og forstyrringar. Endring av areal som påverkar naturen i Noreg fordelar seg relativt likt mellom jord- og skogbruk, og andre arealendringar som bustadbygging, vegbygging og energianlegg. Endra driftsformer i landbruket, oppdyrking, grøfting og drenering av myr og våtmarksområde, samt moderne skogsdrift og etablering av monokulturar bidreg til tap av biologisk mangfald.

Kulturmiljø omfattar kulturminne og kulturlandskap, som er ein ikkje fornybar kunnskaps- og opplevingsressurs. Til dømes har jordbruket sitt kulturlandskap stor kulturhistorisk verdi. Vågå kommune har mykje viktig kulturlandskap og naturtypene i dette kulturlandskapet er blant dei mest artsrike vi har i Noreg, og bidreg til det biologiske mangfaldet. Verneverdige og freda bygningar er ein del av dette landskapet. Klima- og natur heng saman og det er viktig å ha auka fokus på dette i tida framover. Vågå kommune skal sjå klima og natur i ein samanheng og vil løfte omsynet til natur i alle beslutningsgrunnlag som kommunen gjer.

Kommunen sin oppfølging av klima, energi og miljøplan

Strategisk samarbeid og bærekraft som drivkraft

Plan- og bygningsloven sei at kommunedelplan for tema og verksemder skal ha ein tiltaksdel/handlingsdel som viser korleis kommunedelplanen skal følgjast opp årleg. Vågå kommune har tenkt å revidere tiltaksdelen kvart 2. år. Det vil vere viktig å integrere planen i kommunen sin organisasjon da nye klimatiltak vil vere naturleg å vedta i samband med mellom anna budsjettprosessen.

Nedanfor følgjer ei skjematisk framstilling av kommunen sitt styringshjul som viser korleis kommunen sine ordinære prosessar er samanfallande med viktige milepålar for klima, energi og miljøplan. Kommunen sitt styringshjul samanstiller den politiske og administrative aktiviteten som inngår i førebuing, gjennomføring og oppfølging av kommunen sin plan, analyse, budsjett og

rapporteringsprosessar. Styringshjulet blir brukt aktivt i alle kommunale prosessar og må oppdaterast jamnleg. Det er tenkt at klima, energi og miljøplan skal integrerast i alle kommunale prosessar.



Figur 6: Årshjul som viser kommunale prosessar (blå line) og klimaprosessar (grøn line).